



Arkivnr: 2017/485-4

Saksbehandlar: Merethe Helland Nordnæs

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne		01.02.2017
Fylkesutvalet		22.02.2017
Fylkestinget		07.03.2017

Årsmelding 2016 for rådet for menneske med nedsett funksjonsevne i Hordaland

Samandrag

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne skal kvart år leggje fram årsmelding for fylkestinget, seinast i juni måned. Dette går fram av regelementet for rådet for menneske med nedsett funksjonsevne punkt 2. Arbeidsutvalet for rådet har utarbeid tekst til årsmeldinga for 2016.

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne skal som regionalpolitisk pådrivar innanfor sitt ansvarsområde arbeida med overordna politikktutforming for menneske med nedsett funksjonsevne i Hordaland.

Rådet har 7 medlemmer oppnemnde av fylkestinget. 3 medlemmer bør veljast mellom medlemmene i kultur- og ressursutvalet, opplærings- og helseutvalet og samferdselsutvalet med ein frå kvart utval. 4 medlemmer vert valde etter forslag frå organisasjonane som representerer menneske med nedsett funksjonsevne. Fylkestinget vel leiar og nestleiar. Rådet vert vald for den fylkeskommunale valperioden. Rådet og arbeidsutvalet har seks ordinære møter kvart år.

I årsmeldinga for 2016 har vert det gitt ei orientering om arbeidet og oppgåvene til rådet for 2016. Nokre av desse sakene gjeld Universell Utforming av til dømes bygg, både nybygg og rehabilitering av bygg. I årsmeldinga vert det og gjort greie for synfaringar som medlemmane har vore på, og om temadagen som rådet arrangerte for dei kommunale råda. Det vert og gjeve ein kort oversikt over høyringar der rådet har uttala seg.

Forslag til innstilling

Årsmelding 2016 for rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vert vedteke slik den ligg føre.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
Fylkesdirektør økonomi og organisasjon

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

1. Vedlegg: Årsmelding 2016 for rådet for menneske med nedsett funksjonsevne